



Uskedalen har friluftsområde i høgste kategori. Her er Ulvanåso framleis i vinterskrud 9. april i år. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Fylkeskommunen og fylkesmannen har gjennomført eit prosjekt der utfartsområde med regionalverdi er kartlagt og også Uskedalen har mange fine område å lokka med. Til dømes blir turområda Ulvanåso-Englafjell-Mjølkhøg karakterisert som svært verdifulle. Det samme er tilfelle med Rosendalsalpane.

Dei er plassert i høgst kategori medan dei andre kategoriane er "verdifulle" og "registrert". Utfartsområdet Fjellhaugen er til dømes plassert blant "verdifulle".

Det skjer ei langsam nedbygging og ein reduksjon i areal som har verdi for utøving av friluftsliv. Dette gjer det vanskeleg å følgje opp statlege og regionale mål innan både folkehelse, friluftsliv, oppvekstmiljø for barn og unge og arealbruk. Ei slik oppdatert oversikt over viktige friluftsområde vil gjera det lettare å sikra at friluftssinteresser ikkje vert tilsidesett i arealforvaltningen, skriv fylkeskommunen om prosjektet.

Omgrepet regionale friluftsområde blir i prosjektet nytta om område med eit stort antal brukarar, anten totalt eller i forhold til folkemengda i regionen. Det dreier seg ofte om litt større, samanhengjande tur- og naturområde langs kysten, i skogen eller i fjellet, men kan og vere mindre område med spesielle kvalitetar som gjer at dei har regional verdi.

Anbjørn Høivik og kolleger på plankontoret skriv i sitt innspel til prosjektet at Ulvanåso-massivet er ein av landets beste storvegg-lokalitetar, og dei meiner at området fortener karakteristikken "svært verdifullt" i regional og nasjonal målestokk sjølv om dei tilreisande fjellklatrarane i volum ikkje utgjer noko stor gruppe.

Av Ola Matti Mathisen